

Oppdragsavtale

for Rauma videregående skole for skoleåra 2021-22 og 2022-23

Formål

Formålet med oppdragsavtalen er å sette felles målsettingar, og saman med Rauma videregående skole, å sette resultat- og prosessmål for tenesteutviklinga ved skolen. Kompetansesjefen skal følge opp skoleleiinga gjennom året slik at ein saman vurderer behova skolen har for støtte og oppfølging for å nå måla. Avtalen skal bidra til å fremme eit godt samarbeid mellom skoleeigar og skolen.

Prioritering av mål og tiltak for alle dei videregående skolane

Frå fylkesstrategi for kvalitet i videregående opplæring 2021-2025 (fylkestingsak T-30/21):

I arbeidet med å auke gjennomføringa og utvikle kvaliteten i videregående opplæring i Møre og Romsdal skal følgande prioriterast:

- **Auka gjennomføring**

Målet er at talet på elevar og lærlingar som gjennomfører videregående opplæring, med studiekompetanse etter fem års opplæring og yrkeskompetanse etter seks års opplæring, skal aukast til over 80 prosent ved utgangen av 2025.

- **Læringsmiljø som fremmer enda betre trivsel og læringsutbytte**

Arbeidet skal fremme læring, og gi elevane og lærlingane fagleg og sosial kompetanse for å kunne meistre liva sine. Det skal arbeidast systematisk med tilpassa opplæring, skole- og læringsmiljø, psykisk helse, klasseleiing, læreplanverket og vurderingspraksis, grunnleggande ferdigheiter og digital kompetanse.

- **Betre læringsutbytte gjennom aktiv deltaking**

Arbeid med elevdemokrati og medverknad skal fremme aktiv deltaking i opplæringa, elevane og lærlingane skal bli lytta til og involvert i eige læringsarbeid. Skoleleiinga skal aktivt involvere elevane og skoleutvala, for at elevane skal vere medspelarar i skolesamfunnet, og oppleve reell medverknad i eigen skolekvardag.

- **Betre overgangar i opplæringa**

Arbeid med overgangar skal føre til auka gjennomføring ved å vidareutvikle varige samarbeidsstrukturar for overgangar frå ungdomsskole til videregående skole, frå videregående skole til opplæring i bedrift og til høgare utdanning. Arbeid med elevar med særskilt sårbarheit, karriererettleiing og formidlingsarbeid skal stå særleg i fokus. Saman med lokalt og regionalt arbeidsliv skal det arbeidast for å skape fleire opplærings- og læreplassar.

- **Vidareutvikling av leiing, skoleutvikling og profesjonsfellesskap for læring**

Arbeid med pedagogisk leiing og profesjonsfellesskap skal gjennom aktiv deltaking og dialog fremme delings- og læringskultur. Skolebasert kompetanseheving, digital kompetanse, læreplanarbeid og vurderingspraksis skal ha elevane si læring og utvikling i fokus.

Skoleleiardialogen

Kompetansesjefen har merka seg at Rauma vgs har gode resultat på elevundersøkinga. I tillegg har skolen høg gjennomføringsgrad, noko som viser at ein arbeidar godt med kvalitetsarbeid og pedagogisk utviklingsarbeid. Skolen involverer personalet i kvalitetsarbeidet og personalet er oppteken av fellesskap og samarbeid, det er difor viktig å fortsette med utvikling av profesjonsfellesskapet. Det er viktig å halde fram med, og ha stø kurs, i arbeidet med det systematisk kvalitetsarbeidet, der ein brukar den skolebaserte vurderinga som grunnlag.

I skolens handlingsplanen skal skolen fortsette med dei gode tiltak og prosessane, som på ein god måte støtter utviklinga av undervisningspraksisen, læringsmiljøet, gjennomføringa og samarbeid med næringslivet.

Fylkesutdanningssjefen har merka seg at skolen har eit godt samarbeid med lokalt næringsliv i Rauma kommune. Dette er viktig for å kunne gje elevane relevante og gode praksisplassar og for å auke formidlinga til læreplassar etter fullført Vg2.

Det er framleis utfordrande å få nok elever til at klassene kan starte opp kvart år. Kompetansesjefen rår til at skolen fortsette arbeidet med å rekruttere til skolens utdanningsprogram.

Utviklingsmål og tiltak for Rauma vidaregåande skole

Kompetansesjefen ber om at skolen arbeider med målsettingar og prioriterte områder i fylkesstrategi for kvalitet og følger opp resultata til skolen frå kvalitetsmeldinga og brukarundersøkingane for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal. I tillegg må skolen ha spesielt fokus på områder ein ønsker å bevare og forbetre, etter dialog med kompetansesjefen.

Kompetansesjefen har i samråd med skolen peika på følgande områder ein spesielt må utvikle for å auke kvaliteten:

- **Vidareutvikling av undervisningspraksis som fremmar sjølvfølelse, lærelyst og læring, gjennom arbeid med læringsfremmande prinsipp og kjenneteikn på god undervisning og opplæring, i tråd med endra vurderingsforskrift.**
- **Implementering av nytt læreplanverk og VIS**
- **At minst 90% av elevane gjennomfører og består**
- **Meir fokus på å utvikle elevanes evne til å være kritiske og reflektere rundt egen fagleg utvikling og læring gjennom økt fokus på prosessorientert læring og eigenvurdering.**
- **Vidareutvikling av profesjonsfellesskapet gjennom samarbeid i og på tvers av fag.**
- **Fortsette å skape gode læringsmiljø tilpassa de ulike klassane gjennom å se den enkelte elev sine behov og interesser, og samtidig ivareta mangfaldet og utvikle berekraftige, sosiale relasjonar mellom elever og mellom elev-lærer.**

Kompetansesjefen ber skolen set i verk tiltak innanfor områda for alle dei vidaregåande skolane og spesielt for Rauma vidaregåande skole. Når ein skal prioritere tiltak er det viktig at dei er heilskaplege og samordna.

Molde 06.07.2021

Kariann D. Flovikholm
Kompetansesjef

Eva M. Krogstad Leergaard
Rektor